



Utlendingsdirektoratet
Postboks 8108 Dep
0032 Oslo

Vedrørende personar som har opphald i Noreg under føresetnad av underhald frå familien

Fylkesmannen er klageinstans og tilsynsmyndigheit etter sosialtenestelova. Personar som ikkje har pengar til å forsørge seg sjølv, har krav på sosialstønad etter sosialtenestelova, dersom dei har fast bopel og lovleg opphald i Noreg. Dersom familiemedlemmar har forsørgingsplikt, har vedkomande ikkje krav på sosialstønad.

Vi har fått fleire tilfelle der utanlandske personar som opphavelg fekk opphald i Noreg under føresetnad av underhald frå familien, søker Nav om sosialstønad og der underhaldsplikta er tatt bort. I eit brev frå Nav Laksevåg står det mellom anna: «Sosialtjenesten har vært i kontakt med UDI vedrørende oppholdsgrunlaget. UDIs svar var at i alle saker hvor det er innvilget permanent opphold er underhaldsplikten for referanseperson avsluttet ved slik innvilgelse.»

Som klageinstans og tilsynsmyndigheit ønskjer vi oversikt over omfanget av Nav sin plikter etter sosialtenestelova. Difor ønskjer vi oversikt over praksis når det gjeld personar som får opphald i Noreg under føresetnad av underhald frå familien. I denne samanheng spør vi Utlendingsdirektoratet om kor lenge underhaldsplikta gjeld når utanlandske personar får opphald i Noreg under føresetnad av underhald frå familien, jamfør opplysninga vi har fått frå Nav Laksevåg om at underhaldsplikta fell bort når vedkomande får permanent opphald. Er det slik at underhaldsplikta for referanseperson i alle tilfelle vert avslutta når vedkomande får permanent opphald? Kor lenge må vedkomande opphalde seg i Noreg for å få permanent opphaldsløyve? Vi vil vere takknemleg for raskt svar. Det er fint om de merkar svaret med vårt referansenummer 2017/1173.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonsleiar

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.

Kopi til Arbeids- og velferdsdirektoratet